



Midsund kommune

# LANDBRUKSPLAN FOR MIDSUND KOMMUNE

2014-2018



*Dei største jordbruksområda og dyrkbar jord ligg på strandflatene på utsida av øyane.  
Foto: Odd Fremstedal*

*Vedtatt i kommunestyret i sak 38/14, 19.06.2014*

# INNHALD

<b>1. INNLEIING</b> .....	3
<b>2. DET KOMMUNALE ANSVARET PÅ LANDBRUKSOMRÅDET</b> .....	4
<b>2.1 Arealforvaltning</b> .....	4
2.1.1 Plan og bygningslova .....	4
2.1.3 Konesjonslova.....	4
2.1.4 Skoglova.....	5
2.1.5 Odelslova.....	5
<b>2.2 Statlege drifts og investeringsverkemiddel</b> .....	5
2.2.1 Driftstilskot.....	5
2.2.2 Investeringsverkemiddel .....	5
<b>2.3 Veterinærtenester</b> .....	5
<b>2.4 Miljø og klima</b> .....	6
<b>2.5 Karttenester</b> .....	6
<b>2.6 Den kommunale landbruksforvaltningen</b> .....	6
<b>3. DEI NATURGITTE FØRESETNADANE FOR LANDBRUK.</b> .....	7
<b>4. UTVIKLINGSTREKK OG NOSITUASJON</b> .....	9
<b>5. MÅLSETJINGAR OG UTFORDRINGAR</b> .....	12
<b>6. HANDLINGSPLAN FOR LANDBRUKET I MIDSUND</b> .....	13
<b>6.1. Arealforvaltning</b> .....	13
<b>6.2. Miljø og kulturlandskap/klima</b> .....	13
<b>6.3 Næringsretta tiltak.</b> .....	13

# 1.INNLEIING

I samband med overføringa av den lokale/kommunale landbruksforvaltning frå staten til kommunane i 1994 vart det lagt fram ei stortingsmelding, Stortingsmelding nr 46 og St.prp. nr 8/1992-93 "Landbruk i utvikling"

Det vart rådd til at kommunane utarbeidde tiltaksretta planer for landbruket som skulle danne grunnlaget for miljø og næringsutvikling i landbruket og ein meire målretta verkemiddelbruk.

Landbruksplanen skulle inngå som ein del av kommunen sitt planverk og danne grunnlaget for kommunen sin politikk på landbruksområdet.

Midsund kommunestyre gjorde i møte 19.12.00 følgjande vedtak:

*Det skal lagast landbruksplan for Midsund*

*Planutvalet vert styringsgruppe*

*Vidare vert det nedsett ei arbeidsgruppe med slik samansetjing:*

*-2 representantar for Midsund Bondelag*

*-1 politisk vald representant*

*-1 representant for frivillige lag/organisasjonar*

*-landbrukssjef vert sekretær.*

*Planen skal innehalde ein tekstdel som m.a skal innehalde ein kort statusdel*

*,formulering av mål og utfordringar med hovedvekt på tiltaksdelen. Vidare*

*skal det utarbeidast ein areal/kartdel der prioritering av jordressursane*

*kjem klart fram.*

*Planen skal leggjast fram til politisk behandling innan utgangen av juni 2001.*

Når dette har teke noko tid, får ein rekne dette som ei følgje av skiftande bemanning og kapasitet i forvaltninga.

I planstrategien for Midsund kommune,2013-2016,skal det utarbeidast ein landbruksplan i 2015.

Det vert utreda eit interkommunalt samarbeide på landbruk. Det er naturleg at kommunen ev. går inn i dette samarbeidet med målsetjingar/forventningar til landbruksforvaltninga.

På grunn av omfanget og kompleksiteten til ein kartdel/arealdel er det naturleg at det vert utarbeida eit eige dokument på dette temaet ,”Kjerneområde landbruk”.

Landbruksplanen er ein del av det kommunale planverket som ein temaplan og bør vere retningsgjevande for den kommunale politikken på landbruksområdet.

## **2. DET KOMMUNALE ANSVARET PÅ LANDBRUKSOMRÅDET**

### **2.1 Arealforvaltning**

#### 2.1.1 Plan og bygningslova

Plan og bygningslova er det sentrale lovverket i styring av arealbruken. Gjennom kommuneplanen sin arealdel har kommunen ein avgjerande innflyting på bruken av areala. Eit av føremåla i plan og bygningslova er å sikre dei produktive areala.

Den sterke strukturendringa i landbruket i Midsund har medført at fleirtalet av landbrukseigedomane ikkje har eiga drift.

Det er difor naturleg at eigarane av landbrukseigedomar har eit ønskje om å nytte areala til andre føremål.

Dersom areal ikkje vert sikra for framtidig landbruksproduksjon vil det gi eit usikkert driftsgrunnlag for landbruksføretaka. Landbruksdrift krev investeringar i bygningar og utstyr og ein kan vanskeleg investere dersom ikkje grunnlaget for drifta har ei rimeleg sikring.

Kommunal arealforvaltning er difor eit sentralt element for sikring av driftsgrunnlaget for jordbruket i kommunen.

#### 2.1.2 Jordlova

Jordlova regulerer bruken av landbruksareala. Det set eit forbod mot omdisponering av dyrka og dyrkbar jord og deling av landbruksareal dersom det ikkje vert gjeve løyve til det.

Eigaren av drivverdige jordbruksareal pliktar å halde drivverdige jordbruksareal i drift, anten ved eiga drift eller ved at areala vert bortleigd som tilleggsjord på skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunen skal godkjenne leigeavtaler.

Kommunen er gjeve mynde til å ta dei aller fleste avgjerdene i saker etter jordlova. Fylkesmannen er klageinstans.

#### 2.1.3 Konesjonslova

Konesjonslova regulerer omsetnaden av landbruksareal. Det er gjeve unntak for overdraging innan nære slekt, areal som er disponert til andre føremål og for mindre bebygde landbrukseigedomar. For ubebygde landbrukseigedomar og for bebygde landbrukseigedomar der den avtala kjøpesummen er over 2,5 mill kroner skal det vurderast om kjøpesummen er i samsvar med "ein samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling".

Etter konesjonslova er det buplikt på bebygde landbrukseigedomar med eit areal dyrka jord over 25 da. Ny eigar må flytte til bruket innan eit år og ha bruket som sin reell bustad i minst fem år. Reglane er dei same for eigedomar kjøpt i fri handel og eigedomar overtekne på

odel/nære slekt. Kommunen er tillagt ansvaret for oppfølging av buplikta og er tillagt all mynde etter konsesjonslova.

#### 2.1.4 Skoglova

Skoglova regulerer skogsdrifta gjennom krav til hogst, avsetning til skogfond og krav til fornying av areal etter hogst. Kommunen er skogoppsyn.

#### 2.1.5 Odelslova

Odelslova er ei privatrettsleg lov som tilhøvet mellom arvingane og gir ein forkjøpsrett til nære slektningar. Odelslova er avgrensa til eigedomar over 25 da fulldyrka og overflatedyrka jord og eigedomar som har vore i slekta i over 20 år. På bebygde odelseigedomar er det bu og driveplikt som kommunen pliktar å følgje opp.

## **2.2 Statlege drifts og investeringsverkemiddel**

### 2.2.1 Driftstilskot

Kommunen er tildelt vedtaksmynde og utfører førstelineteneste i forvaltning av driftstilskot til landbruket. Vidare er kommunen ansvarleg for oppfølging og kontroll. Dette gjeld følgjande ordningar:

- produksjonstilskot. Søknadsfrist to gonger pr år.
- regionalt miljøprogram.
- velferdsordningane, ferie og fritid og avløyning under sjukdom.
- tidlegpensjon
- driftstilskot skog
- erstatningsordningar

### 2.2.2 Investeringsverkemiddel

Lån og tilskot til bruksutbygging og bruksretta næringsverksemd vert administrert av Innovasjon Norge. Kommunane skal utføre førstelinetenester, sakshandsaming av søknader, verdivurderingar, attestasjon av utbetalingar og ferdiggodkjenning.

Fylkesmannen administrerer generelle næringstilskot til landbruk/bygdeutvikling og tildeler kommunane investeringsverkemiddel/rammer til:

- kulturlandskapstiltak
- drenering
- skogkultur.

Kommunane mottek søknadane, gjer vedtak og følgjer opp tiltaka.

## **2.3 Veterinærtenester**

Kommunane er tildelt ansvar for dekning av behovet for kliniske veterinærtenester og organisering av veterinærvakta. Midsund kommune får tildelt eit årleg stimuleringsstilskot for

å oppretthalde veterinærtilbodet. Tilskotet har vore nytta til eit driftstilskot til dei to praktiserande veterinærane. Etter avtale skal veterinærane kunne nyttast av kommunen til oppgåver overfor landbruket m.m.

Molde kommune organiserer veterinærvakta på vegne av kommunane i distriktet.

## **2.4 Miljø og klima**

Kommunane skal utarbeide tiltaksstrategiar for bruk av statlege investeringsmidlar til kulturlandskap m.m. Midsund kommune har vedteke ein plan som gjeld fram til 2016. Planen bør vere forankra i ei ev. landbruksplan.

Kommunane er tildelt mynde etter jordlova og forureiningslova å gi dispensasjonar og innføre lokale føresegne på bruk av husdyrgjødsel.

Det er sett som føresetnad for innvilging av drifts og investeringstilskot at det er utarbeida ein miljøplan for drifta.

I samband med kontroll av søknader er kommunen pålagt å kontrollere/følgje opp miljøplaner.

Landbruk har ein rel. stor klimaverknad på grunn av utslepp av klimagassar frå husdyr og jord. For Midsund kommune er det laga ei utgreiing /gjennomført ei undersøkjing av klimautslepp frå landbruket relatert til bruk av næringsstoff.

Det må påreknast at kommunane vert sentrale i gjennomføring av klimakrav/tiltak overfor landbruket.

Naturmangfaldloven set krav til sakshandsaminga i kommunen på søknader om tiltak og tilskot i landbruket som landbruksveggar og drenering.

## **2.5 Karttenester**

Det er utarbeida gardskart for alle landbrukseigedomar. Karta vert m.a. nytta i forvaltningen av dei økonomiske verkemidla. Kommunane er pålagde å medverke til drift/oppdatering av arealopplysningar og ha ansvar for vedlikehald av eigedomsbasen.

## **2.6 Den kommunale landbruksforvaltningen**

Kommunane er pålagde gjennom jordlova å utføre landbrukstenester. Som ein del av dei statlege overføringane til kommunane vert kommunane kompenserte for utføring av tenestene etter m.a. areal og tal bruk.

Landbruksforvaltningen på kommunenivå var kommunal fra til 1981. Midsund kommune hadde avtale med Aukra og Sandøy kommune om felles landbrukstenester.

Staten tok over den lokale forvaltningen i perioda 1981-94.

Bemanninga vart etter kvart redusert og i 2003 vart det inngått ein midlertidig avtale med Haram kommune om innleige av landbrukstenester tilsvarande ei 30% stilling. Denne avtalen, med nokre avbrekk, har vore i kraft fram til 2013. Midsund kommune har no tilsett ein landbruksmedarbeidar i delstilling.

Talet på tilsette i kommunal landbruksforvaltning har over tid vorte sterkt redusert. Krava til kompetanse har etter kvart auka etter som kommunane har fått vedtaksmynde i m.a. forvaltning av økonomiske verkemiddel. Det har medført at det no er rel. vanleg med interkommunale samarbeid i ulik form. Det er starta opp ei utgreiing på etablering av felles landbrukstenester for ein del av kommunane i Romsdal.

### **3.DEI NATURGITTE FØRESETNADANE FOR LANDBRUK.**

Jordsmonnet i Midsund er havpåverka morene og elveavsetningar og terrengdekkjande myr. Areala er rel. oppdelte. Søre Midøy og Raknes/Tangen har større samanhengande jordbruksareal. Raknes/Tangen har dei største areala av dyrkingsjord.

Jordbruksarealet i kommunen er på 8496 da.

Det aller meste av jordbruksareala i kommunen har behov for drenering. På grunn av store nedbørsmengder er jordbruksareala best egna til grasproduksjon.

Jordbruksareal er oppdelte i mange eigedomar. Dette er ei viktig skranke/hinder for utvikling av rasjonelle einingar.


Det produktive skogarealet er på om lag 1200 da. Det er berre mindre skogsareal på innsida av Otrøya som er økonomisk drivverdige.

### Skog og landskap



Jordbruksareal (gult) og dyrkbare areal (raud skravur) på Midøya. Dyrkajorda ligg på strandflatene. Det er lite dyrkande jord.

### Skog og landskap



Uglvik-Tangen. Det er samanhengande jordbruksområder og dyrkbar jord.



## Skog og landskap



*Ræstad og Heggdal. Jordbruksareala ligg i tilknytning til elver. Det er lite dyrkingsjord. Dei produktive skogområda ligg i dalføra på innsida av Otrøya.*

Karta er tilgjengeleg på <http://www.skogoglandskap.no/kilden/>.

## 4. UTVIKLINGSTREKK OG NOSITUASJON

Fram til 60-talet var stort sett alle bruka i kommunen kombinasjonsbruk med fiske og anna arbeid. På slutten av 60-talet vart jordbruket hovudyrke på ein del bruk .Denne utviklinga kom tidleg i gang på Midøya.

Elles vart mange mindre bruk nedlagde på 60 og 70-talet. Perioda fram til om lag 1990 var ei ekspansjonstid for jordbruket i kommunen med ei rel. omfattande nydyrking og utbygging av driftsbygningar. Mjølkeproduksjonen var det klårt viktigaste produksjonsformen. Kring 1990 var det i underkant av 70 bruk i drift.

Utviklinga stansa etter kvart opp og det vart ei omfattande bruksnedlegging fram til tusenårsskiftet. Bruka i kommunen var for små til å henge med i kravet til strukturendringar i næringar og det vart ikkje etablert samdrifter. Etter tusenårsskifter har tal bruk i drift vore rel stabilt i underkant av 30. Mjølkeproduksjonbruk har vorte lagde ned og andre har starta med sau.

Bruksnedleggjinga var så omfattande at det var fare for at rel .store areal kunne bli brakklagde.

Det vart imidlertid etablert ein del sauebesetningar/utegangarsau. Ein stor del av areala som hadde vore nytta til mjølkeproduksjon vert no nytta til sauebeite og hausting av vinterfôr til sau.

I Midsund kommune er det no (2012) 246 eigedomar med minst 5 da jordbruksareal, bruk som har vore i drift. Det totale jordbruksarealet er på 8496 da. I 2013 vart det søkt produksjonstilskot på 4817 da.

Det er berre 10% av dei opphavelige landbrukseigedomane som har eiga drift og jordleiga er omfattande.

Tala indikerer at storleiken på areal som er brakklagt eller ikkje er i aktiv drift er høgt. Storleiken på det totale jordbruksarealet er ikkje kvalitetssikra. Det er ikkje korrigert for nedbygd areal og areal som er for dårleg arrondert til moderne drift. Likevel tilseier tala at jordbruksareal ikkje vert nytta.

Jordbruksareal i kommunen ber etter kvart preg av ein dårlegare kultur og dreneringstilstand.



*Forringing av matjorda.*

*Tette grøfter og ein dårleg kulturtilstand fører til at jorda gror att med siv.*

*Foto: Odd Fremstedal.*

Fire føretak har mjølkeproduksjon. Eit av desse føretaka er ei samdrift med fire medlemmer. Det er 136 mjølkekyr, 23 ammekyr og 340 andre storfe.

15 bruk driv med sau. Det er 905 vinterfora sau. Dette er ein sterk auke frå 224 i 2000.

På eit mjølkebruk er det produksjon av smågris, eit bruk har utvikla tenester innan ”Inn på tunet” og det er starta opp ei verksemd med vidareforedling av sauekjøt.

Jordbruket i kommunen er ekstensivert. Mjølkeproduksjon er ein langt meire intensiv driftsform enn sauehaldet og det vert generert mindre produksjonsinntekter.

Fram til 60-70 talet var det eit allsidig husdyrhald på alle bruk og all utmark/beiteareal vart nytta. Strukturendringane har medført ei spesialisering i husdyrhaldet og ein stor del av utmarksareala vert ikkje nytta. Dette medfører at areala gror til med skog og denne utviklinga går raskt. Om eit par 10-år kan ein stor del av kommunen ha preg av skogsareal.

Oppsummering av no-situasjonen:

- sterk nedgang i brukstalet
- overgang frå intensiv til ekstensiv drift, mjølk-sau.
- reduisert produksjon og næringsinntekter
- reduisert kulturtilstand på areala
- brakklegging, unytta jordbruksareal
- manglande rekruttering
- attgroing av utmarksområder



*Attgroing av kystlynghei. Utsida av Midøya. Attgroinga akselererer etter som dei etablerte trea vert store nok til å spreia frø. Om kort tid er dette eit skogledd område.*

## 5. MÅLSETJINGAR OG UTFORDRINGAR

Landbruk er ei næringssak. Drift av jord og skog skaper sysselsetjing og økonomisk aktivitet i kommunen. Den sterke nedgangen i brukstalet og næringsinntekter har vore ein negativ faktor for Midsund-samfunnet.

For Midsund kommune bør det vere ei målsetjing å:

- auke talet på aktørar som har sitt hovedutcome frå landbruk ved auke i rekrutteringa.
- at jordbruksressursane vert nytta.
- at produksjonsverdien av jordbruket aukar.

Eigedomsstrukturen er eit hinder for utviklinga av landbruket. Eigedomsstrukturen utviklar seg imidlertid sakte og landbruket konkurrerer med anna arealbruk. Dei mange småbruka kan på den andre sida vere ein grunn for å flytte til kommunen.

Kommunen kan legge til rette for ei positiv næringsutvikling i jordbruket ved å ta omsyn til næringsmessig jordbruk i kommuneplanlegginga og å aktiv følgje opp bu-og driveplikta. Det vil sikre driftsgrunnlaget for dei som skal ha utkommet sitt i næringa og oppretthalde kulturtilstanden på jordbruksareala.

Det er berre på innsida av Otrøya at det kan drivast skogdrift i noko omfang. På grunn av gjengroing vil det etter kvart kommunen få store skogsareal som kan nyttast til energiproduksjon.

Ein stor del av areala i kommunen er kystlynghei. Kystlyngheia er ein følgje av beiting over lang tid. Desse areala står i fare for å gro til med skog og utviklinga går raskt. Desse opne areala har gitt kystområda eit særpreg. Kystlyngheia i kommunen er registrerte i Naturbasen, og det er sendt ut på høyring føresegner om å gjere kystlynghei til ein prioritert naturtype. Det må påreknast at det bli sette inn statlege verkemiddlar. Områda kan berre bevarast ved beitedrift.

Mål:

- auke næringsinntektene og sysselsetjinga i jordbruket
- oppretthalde produksjonspotensialet i jordbruket
- ta i bruk skogressursane
- bevare kystlandskapet/kystlyngheia.

# 6.HANDLINGSPLAN FOR LANDBRUKET I MIDSUND

## 6.1.Arealforvaltning

Landbruksdepartementet rår til at kommunane prioriterer jordbruksareala med utarbeiding av eit oversyn over ”kjerneområder”. Areala vert prioriterte etter oppsette kriteriar på arrondering, jordkvalitet og kulturlandskapselement. Kriteria bør fastsetjast før arbeidet tek til.

Prioritering av jordbruksareala etter kvalitet er ein viktig reiskap i kommuneplanlegginga.

Handheving av driveplikta vil sikre driftsgrunnlaget for jordbruket i kommunen og at jordbruksressursane vert tekne i bruk. Det bør utarbeidast ei eiga sak på handheving av driveplikta.

## 6.2. Miljø og kulturlandskap/klima

Dersom det ikkje vert etablert beiting på utmarksområda i kommunen, kan dei opne områda/kystlyngheia gå tapt på kort tid. Å etablere beiting på større areal er ei samfunnsoppgåve. Kommunen bør difor medverke ,i samarbeid med organisasjonane i landbruket, til at det vert inngått avtaler om beiting på areal som er definerte som kystlynghei i Naturbasen og at tilrettelegging for beiting i slike områder vert prioritert ved bruk av midlar.

## 6.3 Næringsretta tiltak.

Kommunen må ha ei landbruksforvaltning med stor nok kapasitet og kvalitet til å sikre næringsutøvarane tilgang til dei statlege drifts og investeringsverkemidla.

Skal landbruket utvikle seg som næring, må ein halde oppe kompetanse/fagmiljø og sikre rekrutteringa.

Midsund kommune bør innleie eit samarbeid med dei lokale faglaga om korleis kommunen kan medverke til å leggja til rette for ei positiv utvikling.

## 6.4Arbeidsmål:

-prioritering av jordbruksareala gjennom utarbeiding av eit oversyn over ”kjerneområder jordbruk”.

-sikre driftsgrunnlaget for jordbruket gjennom utarbeiding og gjennomføring av ein plan for oppfølging av driveplikta.

-samarbeide med organisasjonane i landbruket for å medverke til utvikling av landbruket i kommunen.

-utgreie om kommunen kan medverke til produksjon av bioenergi ved bruk i eigne bygg.

-medverke til at det vert etablert beiting i utmarksområder/kystlynghei.